

ULVE-LOGIKK

Haugesund Avis

12.12.38

Av sogneprest Skadberg.

04-03-034

Æsop fortel: Ulven slafsja og drakk av ein bekk. Litt nedanfor stod lammet og svala seg i vatnet. «Står du der og skitnar ut drikkevandet mitt?» skreik ulven til lammet. «Eg», sa lammet, «eg står då nedanfor deg, og vatnet renn vel ikkje oppover bakken?» Det er det same, men so var det du som tala stygt um meg ifjor», svarta ulven. «Ifjor var eg ikkje fødd», sa lammet. «Ja so var det bror din», sa ulven. Men lammet sa at det hadde ingen bror. «Vel — var det ikkje bror din, so var det far eller mor di, for ein av dykk var det. Kom ikkje her med slike dumme orsakingar». Og med so sagt kasta ulven seg over lammet og åt det opp.

Lammet var utan skuld. Men ulven dikta opp ei skuld; for han vilde tyna det. Dette er ulve-logikk.

Då Mussolini tok til med krig mot det skuldlause Etiopia, brukta han og slik ulve-logikk slik at det skuldlause landet fekk skulda for rov-krigen. Og same logikken, ulve-logikken har Japan gjort bruk av når det skal rettferdiggjera den skammelege krigen mot Kina.

Ulve-logikk er fårleg smittsam ja so smittsam at kristne vert smitta av han og brukar ulve-logikk i striden mot kvarandre.

Det er ulve-logikk landsindremisjonen har gjort bruk av i kampanjen mot vekkjinga ved Oxford-grupperørsla. Og til mi store sorg ser eg at min ven Knut Knutsen er mykje smitta av ulve-logikken i siste stykkjet sitt (6/12 d. å.)

Sam vanleg er det Oxford han vil tillivs. Men før me set fingen på ulve-logikken hans, er det naudsynleg at me har klårt for oss eit par fakta vedkomande oxford-grupperørsla:

1) Her i landet har Oxford vore fårleg for den liberale teologien. Dei få liberale teologane som har kome med i Oxford-grupperørsla, har fått meir og meir positiv innstilling. Slik som rørsla har forma seg her i landet, vil ho stå heilt og fullt på Bibelen sin grunn. I Oslo har salg av biblar auka påfal-

lande mykje etter at vekkjinga ved Oxford fekk makt i byen.

Oxford veit seg absolutt ingen annan frelsar enn den trieinige Gud.

2) Oxford vil ikkje driva med noko slag ordskifte eller vera med i nokon slag strid. (Difor kann eg ikkje reknast med til Oxford). Det å føra strid overlet Oxford til andre. Oxford ser det heller ikkje som si oppgåve å driva offentleg forkynningsarbeid i stor stil. Det arbeidet overlet dei til prestane og emissærane. Oxford ser det ikkje som si oppgåve å fortregja korkje kyrkja eler indremisjon. Nei, dei ser det som si einaste oppgåve å driva sjelesorg på tvo-mannshand, tala med den ein-skilde um konkret synd og um Guds kraft til å frelsa frå synd. Dei vil ikkje innlata seg i strid av noko slag, heller ikkje kyrkjestridd, heller ikkje i den teologiske striden millom positiv og liberal teologi. Oxford-folka vil berre vera bergingsmannskap for dei som går mot fortapinga, vil berre brukta all si kraft ein-sidig til det formålet å berga dei som vert ført mot døden. Og kjærleiken er oppfinnsam. Kjærleiken til dei stakkars synde-bundne sjelene har ført Oxford til å brukta ein noko ein-sidig framgangsmåte til å tala på. Den måten har vorte kritisert mykje, ja baktalt skammeleg. Men trass alt syner røynsla at Gud har vedkjent seg framgangsmåten og velsigna han ved å brukta han til å frelsa sjeler.

Eg trur at alle som fordomsfritt og ærleg har gjort seg kjent med grupperørsla, er samd i det som her er sagt. Elles har rørsla fått so pass stort fote-feste her i prostiet no at alle som er ottefulle og uvisse, kann få personleg prov for det eg her har sagt, berre dei vil gjera seg litt umak.

So skal me sjå på ulve-logikken at Knut Knutsen. Det er med blødande hjarta eg tek fat på dette arbeidet. K. K. skriv: «Legg merke til ein ting her: at der er ingen av dei som har stilt seg på Oxford si side, som har våga å segja

at Oxfordrørsla tar stoda mot den liberale teologi», Den synda Oxford har gjort etter K. K. si meining er alto den at Oxford ikkje har protestert offentleg mot liberal teologi. Oxford skal alto ha skuld på seg for noko det ikkje har gjort. Men so kjem ulve-logikken hans for dagen: Han se-gjer vidare: «Når Oxford ikkje vil ta stoda mot nekting av Kristus, må dei få den same dom som dei liberale. Det er då vel soleklårt? segjer K. K.

Ja, tru um det er soleklårt? Nei, det er det ikkje.

For å syna kor reint meiningslaus K. K. sin tenkjemåte er, skal eg gjera eit eksperiment med K. K.s eigen ulve-logikk:

Landsindremisjonen (og K. K.) har ikkje offentleg og klårt teke fråstand frå den kristendomsforvengjing som breider seg utover bygdene i og med Samfundspartiet (Dybwad Brochmann) sin agitasjon. Dette er på våre kantar den fårlegaste form for liberal kristendom. Men som sagt, her på våre kantar har me ikkje hørt eit einaste

åtvarande ord korkje frå sekretær Skandsen eller K. K. Men etter K. K.s ulve-logikk må landsindremisjonen (og K. K.) få same domen som Dybwad Brochmann. Det er då vel soleklårt?

Eit døme til: Her på våre kantar har det i den siste tid fare kolportørar for russelianismen og for mormonane. At desse fær kring og spreider forvengd kristendom, er vel dei fleste same um. Men Knut Knutsen har ikkje teke fråstand offentleg mot mormonane. Men det er fårleg for han. For etter hans eigen ulve-logikk lyt han no få same domen som mormonane. Det er då vel soleklårt?

Nei det er ikkje soleklårt. Knut Knutsen er Gud skje lov like lite skuldig i samfundspartiet og mormonane sine vilfaringar som Oxford i liberal teologi. Knut Knutsen er ikkje mormon og Oxford er ikkje liberal. Både partar er like skuldlause.

Det er sant nok at landsindremisjonen på råderik måte liksom har vilja kommandert Oxf. til å aktivt inn i den teologiske kyrkjestridd. Men som eg har sagt ovanfor so strider det absolutt mot Oxford sine prinsipp å føra kyrkjestridd. Dei vil få lov å konsentrera seg um det eine målet: å føra menneskje til po-

sitiv og bibelsk kristendom ved sjelesyrgjar-samtale på tvo-mannshand fyrst og fremst.

Oxford vil so visst ikkje for-trengja korkje kyrkja eller landsindremisjon (slik som indre-misjonen har ottast). Oxford vil berre få vera eit arbeidande lem på Kristi likam, eitt lem mil-lom dei mange andre. Oxford ser si oppgåva og sin metode som gáva frå Gud og plikt mot med-menneskje. Oxford ynskjer berre å få arbeida i fred og å få arbeida positivt, ikkje negativt ved

strid. Min arbeidsmåte er altso ikkje etter Oxfords ånd, og det er segjer og skriv, står heilt og fullt for mi eiga rekning. Eg går heller ikkje på nokon måte ærend for Oxford.

På fruktene skal ein kjenna treet, segjer Jesus. På fruktene kjenner ein den liberale teologi-en. Fruktene er åndeleg død og kulde. Det fylgjer ikkje vek-kjing og liv og varme med den liberale teologien. På fruktene skal ein ogso kjenna at Oxford-rørsla er av Gud. Det fylgjer vekkjing og åndeleg liv med den. Dersom Oxford skulde ve-ra berar av vantru og Kristus-fornekting, slik som K. K. med sin ulvelogikk vil få vrida det til, då hadde ikkje Gud vedkjent seg rørsla. Men no talar fakta sitt sterke språk til den som har øyre å høyra med. Gud skje takk for alle syndarar som vert umvende — ogso dei som vert umvende ved Oxfordgruppe-rørsla.

I denne striden millom lands-indremisjonen og meg um Oxford er der eit «dersom». Dersom indremisjonen frå fyrst hadde late Oxford vore i fred, og dersom sekretær Skandsen ikkje hadde kome med sine fordektige og giftige utfall mot Oxfordgrup-perørsla og mot prestane, hadde eg sloppe å skriva som eg har gjort. Men slik som den vyrde landsindremisjonen har stelt seg i denne saka, har han visseleg vorte ein stor støytestein for Guds riks-sak, ein hindring for sydebundne sjeler til å nå fram til Gud. Det er ei forferdeleg synd og eit gruveleg ansvar som kviler på desse folk. Men eg trur og at mange av dei handlar i god tru. Det ligg på meg som ei tung byrd at mine medkristne må átvarast mot denne synda, det er det same kven ho kjem ved. Herren sa til profeten Eze-

kiel: «Når eg segjer til den ugudelege: «Du skal døy»! og du ikkje varar honom át, — då skal han den ugudelege døy for si misgjerning, men hans blod vil eg krevja av di hand. Og når du varar den ugudelege, men han ikkje vender um —, då skal han døy for si misgjerning, men du har berga di sjel». — Eg har át-vara landsindremisjonen mot synda, og eg vil vera utan skuld i den sak.

Kanskje dette tankebyte kun-de bera ei god frukt: at lands-indremisjonen og andre organi-sasjonar sine sekretærar og emissærar fer meir varleg fram for framtida og let Oxfordgrup-perørsla få vera i fred når dei talar offentleg eller privat. Kor hjartans glad eg skulde vera um det bar slik frukt. Det er berre dette eg har sikta mot.

Elles er det godt å vera klår over den ting at ved alle vek-kjingar (ogso ved indremisjo-nen sine) er det menneskje som ikkje kjem so heilt med og som sidan fell ifrå og gjer ting som er til vanæra for kristen-namnet. Ein lyt rekna med at dette syr-gjelege fenomenet kann finnast ogso i vekkjinga ved gruppe-rørsla. Men det er soleklårt at dei feil og synder som slike halv-vakte kann koma til å gje-ra, kann ein ikkje leggja sjølve grupperørsla til last for.

Avaldsnes den 10/12—38.

Lars Skadberg.

Fredsforeningens

møte igaar. 6. 12. 38

Haugesund Dagblad

Et møte i Oxfords tegn.

Haugesunds Fredsforening hadde sitt siste møte i dette aar igaar aftes.

Møtet aapnedes med en freds-salme og bønn. Formannen for-talte derefter fra Oxfordmøtet i Visby, hvor folk fra alle nasjo-ner og klasser var møtt sammen med det ene maal for øiet: gjen-nem liv og vidnesbyrd aa forher-lige Gud. Man fikk høre om gri-pende møter mellem folk fra forskjellige nasjoner. Japaner og kineser rakte beveget hveran-dre haanden, og sa: «Kristus læ-ger alle saar». Aandens ild gjen-nemtrente alle, grubearbeider som minister, og de knelte side om side i bønn. Sammen gikk de ogsaa til slumkvarterene for aa fortelle om sin frelse og brin-ge fredens aand til stridende mennesker. Beretningen om de 5 grubearbeidere, hos hvem an-svaret for omgivelsene blev saa alvorlig at de gikk ut som sjele-vinnere, var gripende.

Til slutt fikk man referat av endel vidnesbyrd, bl. a. av den finske forfatterinne, Sally Sal-minen. Hun sa at hun tidligere trodde hun hadde nok med aa finne Gud i naturen, men hun blev først løst fra alle baand da hun fant frem til frelsen i Jesus Kristus. Det samme var ogsaa den røde traad i de øvrige vid-nesbyrd.

Efter en hyggelig kaffepause deklamerte H. Mølstre et dikt av Mikal Aksnes. Møtet avslut-tedes med fredssangen «Aa liva det er aa elska».

ek.